



Statens vegvesen
Regiona vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 28.05.2014
Vår ref.: 2014/64-9
Saksbehandlar: torklin
Dykkar ref.:

Att: Kaisa Tonheim Banne

Oversendingsforslag - nye konflikter mellom sykkel og bil

På møte i samferdselsutvalet 13. mai sette representanten Tom Skauge (SV) fram fylgjande oversendingsforslag:

Nye konflikter mellom sykkel og bil

Utbygginga av samanhengande sykkelveg frå Bergen sentrum mot sør vil gje betre framkome for syklande, men skaper samtidig nye risikopunkter for samanstyrt med ulike andre trafikantar. To slike kritiske punkt er krysning frå Solheimsgaten med sykkel over fotgjengarfeltet i Michael Krohnsgate og tilsvarande krysning 100 meter lenger mot nord. Spørsmål til Fylkesrådmann:

- a. Kva vurdering gjer vegmyndighetene for å redusere risiko for ulykker ved desse og tilsvarende andre krysningspunkt?
- b. Er det aktuelt å setja opp skilt for stopplikt for biltrafikk slik det er gjort der sykkelvegen kryssar innkjøringa til parkeringsplassen sør for Bystasjonen?

Samferdselsavdelinga sender oversendingsforslaget frå Tom Skauge over til Statens vegvesen for vidare handsaming. Svaret frå Statens vegvesen vil bli nytta i notat frå fylkesrådmannen til samferdselsutvalet.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.